



I dag er Stolmen ikkje særskilt avmerka på kartet. I det hollandske kartet frå 1635 derimot....

Hollandsk kart frå 1635 over kyst- og fjordstroka i Hordaland. Det er lett å sjå at sjøen måtte verta viktigaste færliden.



Slik ser Stolmen ut frå lufta i dag. Det er ikkje å undrast over at tyskarne kalla radaranlegget sitt på øya for «Storchnabel» - Storkenebb.

Anlegga deira låg i utmarka. Plasseringa av dei tre radarane er vist på bildet. «Globen» er plassert på fundamentet til den nordligaste radaren.


Dei fleste bur på den sørauste delen øya, på gardane Våge, Årland og Stangeland (frå sør til nord). Heilt i nord ligg den gamle handelsstaden Kvalvåg.

Radars Nord – Globen



Radars i midten

Radars i sør

Skulebygg med basseng og leikeplass



Figur 1 Bilde teke rett etter krigen



Figur 2 Bildet syner dei ulike traseane i terrenget

Bilde til venstre: Noverande sti, eller eigentleg tråkk, er den blå kurva i kartutsnittet til venstre. Han er 710 m lang. Ein ny sti kan ta av frå den noverande omtrent halvvegs og følgja den raude kurva nordover. Då er total lengde (frå fylkesvegen til Globen) 590 m. Om ein legg stien frå Ungdomshuset (blå bygning heilt i sør), dvs. grønn pluss raud kurve vert stien 520 m lang. Denne trasen ligg i gnr./brn. 14/6 i heile sin lengde. Eigarne av dei aktuelle utmarkstykkja har gjeve munnleg og/eller skriftleg godkjenning av planane. Bygningen med blått tak til høgre i bildet er skulen.

Bildet til høgre: Flyfoto med same utsnitt som kartet til venstre. Dei ulike traseane er teikna inn med blått. Den delen ein må utbetra først er frå fylkesvegen og fram mot utfloren på 14/8 og kryssinga av bekken rett etter ein er kome inn på 14/6.



Figur 3 Stolmen Skule. Globen så vidt synleg på åsen mellom flaggstang og grantré



Figur 6 Austover frå Globen. Skulen er kvit bygning til høgre



Figur 5 Nordover frå Globen. Peileskive i forkant




Figur 4 Sørøver frå Globen



Figur 7 Globen med informasjonsplaketter

Figur 8 «Globen by night»



Utforminga av stien slik han kan sjå ut frå Fylkesvegen. Tanken er at han skal utformast med minst mogleg inngrep. I dei mest våte strekka og elles der han går over eigedomane 14/5 og 14/8 (sjå kartet) er han tenkt bygd med trykk-impregnert materialar. Bredda vert 120 cm. I botn ligg 4x4» boks. Dekket er tenkt å vera 1,5x6» plank. Per 10 m går det med om lag 75 m løpe meter plank.

Stien over 14/5 er ca. 130 m, strekket over 14/8 er ca. 100 m og for å kome opp på flaten i 14/6 til der den «raude» løypa startar er det nye 70 m, dvs. totalt 300 m. For å kryssa bekken i 14/6 krevs det nok noko meir materialet då stien då må byggast litt opp over terrenget.